

# Sandane Småbåtlag

## Referat frå styremøte 4. januar 2011 på Gloppen ungdomsskule kl 19.00

---

### Til stades:

Sven T Rylandsholm, Kristin Fjellestad, Sigmund Arild Vereide, Olav Søreide

### Sakliste:

#### Sakliste:

1. Betongbrygga – nyebrygga mot aust
2. Kasserar i laget
3. Brev frå medlem om problem med båtplass
4. Brev frå medlem om detaljplan for området ved Holvikjekta
5. Grusing av plassen
6. Straum til alle bryggene
7. Eventuelt

### **Sak 1. Betongbrygga – nyebrygga mot aust**

Advokatane Lothe & Mardal melder at forsikringsselskapa har føreteke oppgjer med kr 158.000 likt fordelt mellom partane, og summen er utbetalt til Småbåtlaget sin konto med fråtrekk for utgifter til advokat med kr 15.000.

Styret vurderer å engasjere ein dykkar og fagmiljø til å kartleggje skadane med tanke på å få utførtetting av brygga i sjøen dersom skadane ikkje er for omfattande. Samstundes må ein få sjekka oppankringa av brygga, eventuelt få stramma opp kjettingane.

### **Sak 2. Kasserar i laget**

Kristin Fjellestad har fungert som kasserar i laget gjennom året og fullfører dette arbeidet fram til årsmøtet. Leiar i laget engasjerer ein person utanfor styret som revisor.

### **Sak 3. Brev frå medlem om problem med båtplass**

Medlemmet sin båtplass er kraftig redusert og forringa som følgje av at andre sine båtplassar er uvida. Medlemmet krev at hamneleiga for 2010 blir refundert, og at det blir rydda opp i forholdet.

Hamneleiga for 2010 er tilbakebetalt, og styret vil gå i drøfingar med medlemmet om å finne ei god og minneleg løysing. Sekretær informerer medlemmet om avgjerda.

### **Sak 4. Brev frå medlem Bjarte Øygard om detaljplan for området ved Holvikjekta.**

Aaland arkitektkontor har laga ein detaljplan med formidlingsbygg for Holvikjekta. I denne planen er ikkje den nye brygga vår innteikna, men til gjengjeld er det innteikna fleire forhold som kjem i konflikt med småbåtlaget sin noverande bruk av området. Sigmund Vereide undersøker med teknisk etat kvar saka står.

### **Sak 5. Grusing av plassen**

I laget sitt budsjett for 2010 har vi sett av midlar til grusing av plassen. Styret vil ta initiativ til samarbeid med Gloppen kommune om saka der laget syter for dugnadsinnsats og kjøp av knust masse og ber kommunen om å utføre det maskinelle arbeidet.

### **Sak 6. Straum til alle bryggene**

Styret vil ta initiativ til at det blir montert straum på brygge B, C og D på forskriftsmessig måte med tanke på sal av straumkontakter til medlemmer på desse bryggene. Sekretær tek kontakt med Jon Søreide om saka.

### **Sak 7. Eventuelt**

- Kasserar orienterte om laget sin økonomi. Styret gjennomfører ekstra nedbetaling av lån med kr 100.000 i samsvar med årsmøtevedtak. I tillegg gjev sal av båtplassar i 2010 rom for endå kr 100.000 til ekstra nedbetaling av lånet. Restlånet er dermed på ca kr 150.000.
- Det er to små ledige plassar for sal i den gamle hamna. Sekretær syter for at desse plassane blir averterte ledige på heimesida dersom det ikkje allereie har meldt seg aktuelle kjøparar.
- Tilbod på båtforsikring frå meklar Norwegian Broker AS. Styret vil lufte spørsmålet om det er interessant for medlemmer å gå saman for å oppnå gunstige tilbod.
- Neste styremøte onsdag 9. februar med mellom anna førebuing av årsmøte 2010.

Referat: Olav Søreide